

Årsmøte Sunnfjord Misjonsforsamling 2024

Søndag 7. april på Hellenes etter søndagssamling ca. kl. 13.00

Sak 1: Val av dirigent, referent og personar til signering av årsmøtereferat

Sak 2: Årsmelding

Årsmelding er vedlagt innkalling.

Sak 3: Rekneskap og budsjett

Rekneskap og budsjett er vedlagt innkalling.

Budsjettet er godkjent av Regionsstyret i Misjonssambandet Vest. Årsmøtet har ikkje høve til å redusere budsjettet overføring til Misjonssambandet Vest, men berre gjere endringar på interne prioriteringar.

Sak 4: Val

Bjarte Urnes og Anette Friborg Aase, stiller ikkje til gjenval. Vi takkar Bjarte og Anette for godt utført arbeid som styremedlemmar.

Styret har fungert som valkomitê, og vi har klart å få to gode kandidatar til styreval:

1. Asmund Friborg
2. Lilia Romanyuta

Vi burde hatt ein ekstra kandidat til styrevalet. Den som får minst stemmer blir vara. Dersom nokon har forslag til andre kandidatar, må desse meldast inn seinast dagen før årsmøtet. Dei må spørjast i forkant om dei er villige til å stille til val, dei må vere over 15 år og vere aktive i forsamlinga.

Sak 5: Helsing frå regionsstyret ved Nils Helge Friborg

Sak 6: Regionårsmøte, utsending

Tenk gjennom om du har lyst til å representere forsamlinga på regionårsmøtet i Bergen 27. april.

Sak 7: Presentasjon av ny visjon og strategi

Asmund Friborg presenterer ny visjon og strategi som skal gjelde i 3 år, fram til årsmøtet 2027,

Vi takkar strategigruppa for godt utført arbeid. Dei som har vore med er:

Asmund Friborg
Harald Ålen
Anne Margrethe Skjold Olsen
Bjarte Urnes
Ingrid Friborg Hoffmann
Trond Kråvik

Sak 8: Samtale om ny visjon og strategi

På dette årsmøtet blir fokuset ny visjon og strategi.

Det blir høve til å kome med tilbakemeldingar på ny visjon og strategi.

Strategigruppa og styret understrekar at forslag til endringar i strategiplanen må vere basert på tiltak som ein har tru på at forsamlinga har vilje og kapasitet til å gjennomføre.

Forslag til vedtak:

Årsmøtet godkjenner ny visjon og strategi med tilbakemeldingar frå årsmøtet. Visst det kjem fram gode innspel på årsmøtet som strategigruppa ikkje har tenkt på, vil dei få mynde til å revidere strategiplanen etter årsmøtet.

Endeleg visjon og strategiplan blir presentert på forsamlinga si nettside.

Strategiplanen gjeld for 3 år fram til årsmøtet 2027. Hausten 2026 skal det utnemnast eit nytt strategiutval som skal utarbeide strategiplan for neste 3-års periode. På årsmøtet i 2025 og 2026 skal ein gjere evalueringar av strategiplanen.